



Gutane jublar over semifinaleplass.

G16 laget til Rosendal/Uskedal er no klare for semifinale etter at dei vann 2 - 1 over det gode tyske laget Egenførde i kvartfinalen. Sondre Myklebust scora begge måla, begge i første omgang. Marius og Torstein Myklebust spelar også på laget.

R/U fekk ein svært god start då Sondre sprang frå forsvaret og sette inn 1 - 0. Etter at tyskarane hadde utlikna, klarte Sondre å krangla inn nok ei scoring. Dermed vart 2 - 1 både pauseresultat og sluttresultat. Dermed er gutane klare for semifinale seinare i kveld. Spennande!

J13-laget gjekk vidare til semifinale i B-sluttspillet etter siger på sudden death.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Rosendal TL